

Gamleåret.

Gamleåret ut er runne, lik eit ljøs som ned er brunne.

Som når soli seig i hav.

Lik ei elv, sin os hev funne, som ein død me berre kunne
gøyma i den djupe grav.

Men dei mange, mange minne vil nok stundom att oss finne.

Ofte klårt me kan deim sjå.:

Freistingar me ofte møtte. Menneske me stundom grøtte
lyt me minnast no og då.

Alt det gode me forsømde. Arbeid som me undan rømde
finn oss i det nye år.

Minnestaupet lyt me tøma. I frå det me ei kan røma.

Me lyt hausta det me sår.